Fortschritt im Vergleich mit der Standardausgabe bedeutet. Was in Krauses Arbeit übrigbleibt, sind die Kommentare und Untersuchungen, in denen interessante und erwägenswerte Einzelheiten zu finden sind, besonders wenn die Interpretation religionsgeschichtliche Fragen berührt. Ich möchte z.B. die Erörterungen von Walkürennamen und Walhalla-Vorstellungen hervorheben.

Bjarne Fidjestøl

Bergljót S. Kristjánsdóttir, Bragi Halldórsson, Jón Torfason og Örnólfur Thorsson, utgjevarar: Snorri Sturluson, *Heimskringla I–III.* Reykjavík: Mál og menning, 1991. Bd. 1–2, 848 sider; bd. 3, *Lykilbók,* 630 sider.

Ei ny utgåve av *Heimskringla* er det oftast verdt å stoppa opp ved. Det siste tilskottet i rekkja, Mál og mennings trebandsutgåve frå 1991, er ikkje noko unnatak i så måte. Utgåva må sjåast som eit slags framhald i ein serie der islendingesagaer og tåttar (1987) og *Sturlunga saga* (1988) utgjer starten, der delar av redaksjonsstaben for den nye utgåva av *Heimskringla* også har vore medverkande. Utgåva kjem altså i tre band. Bd. 1 og 2 inneheld *Heimskringla*-teksten, bd. 3 innleiing, bibliografi, ættetavler, kart, ordforklaringar, register m.v. I tillegg er det i dette bandet teke inn ein bolk kalla "...of heim allan", med eit utval tekster som kan kasta eit slags sidelys over *Heimskringla* og det verdsbilete verket byggjer på. Utvalet inneheld, på den eine sida, tekster som står verket svært nær, såleis som prologen til den såkalla *Store saga om Olav den hellige* (i Stockh. Perg. 4° no. 2) og eit brot frå ein variant av *Magnússona saga* (AM 392 I fol.). På den andre sida finn vi ei rad tekster med encyklopedisk kunnskap av ymse slag, juridisk litteratur m.m.m. På same vis som *Heimskringla*-teksten er desse tilleggstekstene vél presenterte og sette inn i sin samanheng i innleiinga til dette bandet (LXXI–LXXXI).

Eit primært siktemål med denne utgåva og med dei utgåvene det er vist til ovanfor, synest å ha vore å leggja tekstene til rette for eit allment interessert islandsk publikum, i og med at det er valt å gjeva ut tekstene med notidig islandsk stavemåte. Det er dessutan gjort ei mild modernisering av bøyingsverket der det er vurdert å vera nødvendig ut frå ei slik målsetjing. Ei utgåve som dette vil såleis på eitt vis vera mindre relevant til bruk i vitskapleg samanheng, medan ho på andre måtar sikkert nok vil vera vél så tenleg som andre eksisterande utgåver, også til vitskapleg bruk. Ein

vesentleg grunn til dét er det godt ajourførte oversynet over handskrifttilhøva i innleiinga (bd. 3, LXXXI–LXXXVIII), der det òg er gjort utførleg og brukarvennleg greie for kva handskriftgrunnlag som er nytta for dei ulike delane av teksten.

Ut over det som alt er sagt om dei prinsipp som er valde for språkform i teksten, skal her ikkje leggjast til anna om framlegginga av teksten enn berre å registrera at utfylling av lakuner i høve til Kringla-teksten (i *Hálfdanar saga svarta* og *Haralds saga hárfagra*) fører til at også denne utgåva får si eiga inndeling av desse kapitla: 10 og 45 kapittel her mot 9 og 43 i Bjarni Aðalbjarnarsons utgåve av Íslenzk fornrit, 9 og 44 i Finnur Jónssons utgåve av 1911. Elles er det ikkje avvik utgåvene imellom i så måte.

Til bruk i fagleg samanheng vil tvillaust band 3 vera eit svært velkomme hjelpemiddel i mange situasjonar. Ikkje minst bør dei omkringliggjande tekstene som er tekne med i kapitlet " . . . of heim allan" sjåast som eit verdfullt tilskott, ettersom kapitlet til dels inneheld tekster som elles ikkje er så lett tilgjengelege for den som sit eit stykke unna primærkjeldene. Ættetavler og kart yter også sitt til å auka nytteverdien av utgåva, både for ein informert allmenn lesarkrins og for den meir spesielt interesserte. Når det først er lagt så mykje og godt arbeid ned i å gi kartillustrasjonar som det her er gjort, vil det likevel kunna innvendast at målestokken av og til er slik at informasjonen ein kan få ut av kartet, vert avgrensa i meste laget. Kart 36 (s. 231) kan tena til å illustrera dette poenget. Det er teke med for å gi eit geografisk inntrykk av "Kristniboð Ólafs Tryggvasonar", og i den samanheng vil tvillaust rett plassering av Morstur/Moster vera vesentleg informasjon å få formidla visuelt. Kartet er likevel gjeve i ein slik målestokk at det vert umogleg å finna ut kvar Moster eigentleg ligg.

Det kunne elles vera grunn til å plassera ein liten sidekommentar til eit av dei andre karta som er tekne med, kart nr. 52 ("Körmt", s. 247). Kartutsnittet omfattar m.a. øya Bókn, og staden der Erlingr Skjálgsson fall, er markert med symbolet for *bardagi*. På kartet er staden for slaget avmerkt i søre enden av sundet. Om vi tek utgangspunkt i *Heimskringla*-tekstens skildring av lokaliteten der dette skjedde, heiter det der slik: "Ólafur konungur stefndi fyrir innan Bókn. Fal þá sýn milli þeirra. Síðan bað konungur leggja seglin og róa fram í sund þröngt er þar var. Lögðu þeir þar þá saman skipunum. Gekk kleppurnes fyrir utan þá" (482). Denne skildringa kan den dag i dag stadfestast som topografisk korrekt. Ein slags hop med relativt trong innsegling, der ein slik militær manøver var mogleg og som heilt ut samsvarar med skildringa, er å finna i nordre enden av sundet. Det vil seia i motsett ende i høve til det kartet i bind 3 gir inntrykk av. Dette er sjølvsagt ikkje meint som kritikk korkje av kartet eller av utgåva, det ville vera å gjera seg til talsmann for urimeleg pedantisk pirk. Men det kan vel nemnast her som endå eit lite bidrag til illustrasjon av kor nøyaktig Snorre var i skildringa av den topografiske og geografiske ramma kring handlinga i kongesogene sine. Det vitnar om ein forfattar med eit velutvikla visuelt minne, ein forfattar som etter alt å dømma i høg grad skildrar stader på grunnlag av sjølvsyn. At Snorre i si tid har sigla gjennom Boknasundet, må vi gå ut frå som sikkert.

Bibliografien (bd. 3, XCVII–CXVI) må seiast å vera adekvat, jamvel om meir utfyllande lister med referansar nok kunne sjåast som ønskjeleg for den som skal nytta utgåva i studiesamanheng. Men også her har det sikkert nok vore nødvendig å gjera avvegingar i høve til kva publikum ein først og fremst har ønskt å venda seg til med utgåva.

Alt i alt må det kunna seiast at med denne utgåva ligg *Heimskringla*-teksten føre på framifrå vis for eit islandsk-kunnig allment publikum. Utgåva har i så måte fått eit utstyr som gjer henne til pryd for eikvar bokhylle. I fagleg samanheng vil ho sikkert nok også forsvara sin plass i eit institutt-bibliotek.

Jan Ragnar Hagland